



Sykkylven kommune

Arkiv: FE-082, TI-&00
JournalpostID: 24/1396
Saksbehandlar: Torill Skjeret
Dato: 25.01.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-19/24	Formannskapet	04.03.2024

Forskrift om folkevalde sin rett il møtegodtgjersle og velferdsgode i Sykkylven kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Formannskapet vedtek å legge utkast til forskrift om møtegodtgjersle og velferdsgode for folkevalde ut på høyring, slik den ligg føre som vedlegg til denne saka.

Høyringsfrist vert sett til: 21.3.24

Etter høyringa skal saka leggest fram for formannskapet på nytt, for tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

Formannskapet - 19/24

FSK - behandling:

Samrøystes vedtak: Som kommunedirektøren sitt framlegg.

FSKVedtak:

Formannskapet vedtek å legge utkast til forskrift om møtegodtgjersle og velferdsgode for folkevalde ut på høyring, slik den ligg føre som vedlegg til denne saka.

Høyringsfrist vert sett til: 21.3.24

Etter høyringa skal saka leggest fram for formannskapet på nytt, for tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

Bakgrunn for saka

Det viser seg at kommunen si forskrift om folkevalde sin rett til møtegodtgjersle og velferdsgode er utgått.

Det haster dermed å få vedteke og kunngjort ny forskrift.

Vi legg dermed opp eit løp med første handsaming i formannskapet den 4.mars, deretter kunngjering i samsvar med forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar for forskrifter, deretter endeleg tilråding i

formannskapet 8.april og vedtak i kommunestyret i mai. Deretter vil den tre i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend, i god tid før utbetaling av godtgjersle for første halvår 2024, som vil skje i juli.

Saksopplysningar

Gjeldande forskrift vart vedteken i 2021 etter ein grundig gjennomgang av ei arbeidsgruppe samansett av politikarar frå fleire parti, som la fram forslaget til ny forskrift.

Forskrifta legg opp til regulering av satsane etter stortingsrepresentantane si løn, alle satsane er rekna ut med utgangspunkt i denne og vert regulert når stortingsrepresentantane si løn vert endra.

Det har ikkje kome fram innvendingar eller merknader frå politisk hald til gjeldande forskrift som gjer at ein opplever behov for endring.

Vurdering

Frå administrasjonen si side, vil vi likevel foreslå korrigeringar på tre punkt, i høve til gjeldande forskrift.

For det første foreslår vi endring i § 7-1, der vi set punktum etter straks. Dette grunngjev vi med at den då vert gjeldande til kommunestyret har vedteke ny, og at det ikkje blir ein sluttdato der den vert ugyldig.

Korrigeringa i § 7-1 vert då:

§ 7-1 Forskrifta trer i kraft straks. ~~og gjeld ut valperioden 2019-2023.~~

Vidare ser vi at godtgjersle til røystestyra i samband med avvikling av stortingsval og fylkestings- og kommunestyreval er forelda. Det er no færre røystekrinsar, større ansvar, og færre personar. Ved dei siste vala har vi hatt 3 røystekrinsar, og 3 røystestyre med 3-4 medlemmer.

Det har ikkje alltid vore lett å finne personar til desse verva, og godtgjersla har vore lav.

No tilrår vi slik justering:

Medlem i røystestyra: samla godtgjersle på 4,96 o/oo (mot tidlegare 0,9 o/oo)

Leiar i røystestyra: samla godtgjersle på 6,48 o/oo (mot tidlegare 1,3 o/oo)

Tidlegare var det også ein sats for nestleiar og for varamedlemmer, men i praksis vert det ikkje valt nestleiar og varamedlemmer til røystestyra, så desse satsane kan gå ut.

(grunnlaget er stortingsrepresentantane si løn for føregåande år.)

Grunnlaget for vurdering er godtgjersle som hovudutval/kommunestyre, med utgangspunkt i at det vert minimum tre samlingar for røystestyra i løpet av valavviklinga, opplæringsmøte, henting av materiell og opprigging av lokale, i tillegg til sjølve valdagen.

Korrigeringa i § 4-3 vert då:

§ 4-3 *Valgodtgjersle*

Leiar i røystestyra får ei samla godtgjersle på 6,48 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år. ~~Nestleiar i røystestyra får ei samla godtgjersle på 1,1 o/oo av~~

stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år. Medlemmer og møtande varamedlem får ei samla godtgjersle på 4,96 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år.

Til slutt ser vi at det manglar ein bestemmelse som regulerer godtgjersle til fungerande leiar i dei tilfelle der leiar i hovudutval og kontrolluval, ikkje kan møte og nestleiar fungerer som leiar.

Her tilrår vi tilsvarande andre utval, dvs. at fungerande leiar får dobbel møtegodtgjersle.

Tilføyning i § 4-2 slik: (som 4. ledd):

Fungerande leiar, når leiar er fråverande, i Levekårsutvalet, Nærings- og utviklingsutvalet og Kontrollutvalet får ei godtgjersle på 3,24 o/oo av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år pr. møte.

Utover dette har ikkje kommunedirektøren merknader til godtgjersleforskrifta, slik den vart vedtatt av kommunestyret i 2021.

Som vedlegg fylgjer forskrifta slik den vert tilrådd frå kommunedirektøren. Den er lik forskrifta som vart vedtatt i 2021 med ovannemnde tre endringsforslag.

Legg og ved til orientering utrekning av kva satsar dette gir for møtegodtgjersla i 2024.

Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte av denne saka.

Torbjørn Emblem
kommunedirektør

Synnøve Hunnes
stabssjef

Vedlegg:

Forskrift om folkevalde sin rett til møtegodtgjersle og velferdsgode i Sykkylven kommune - sak i 2024
Tabell Møtegodtgjerslesatsar 2024